



Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/6457 - 22/4559

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
17.01.2022

Førebels svar på klage på avslag på søknad om dispensasjon for bruksendring av driftsbygning til bustad - gbnr 125/11 Kjeilen indre

Tiltak: bruksendring av løe til bolig
Byggjestad: Gbnr: 125/11
Tiltakshavar: Bjørn Håkon Uthaug
Ansvarleg søkjar: Arkoconsult AS

Vi stadfestar med dette å ha mottatt dykkar klage på avslag på søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet i kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad for bruksendring av driftsbygning til bustad - gbnr 125/11 Kjeilen indre innan rett tid den 30.12.2021.

Sakshandsamingsfristen for klage er 8 veker. Der det er gjeve utsett iverksetting av vedtak er fristen 6 veker.

Før kommunen førebur saka vert klagen sendt til partane med frist for innsending av kommentarar.

I dykkar klage på side 3 første avsnitt er opplyst følgjande :

Eier har hatt en positiv dialog med Landbrukskontoret i denne saken, som uttaler seg som spesialmyndighet på området. Vi mener at byggesaksavdelingen som hovedregel bør legge stor vekt på de uttalelser som kommer derfra. I denne saken bør en slik uttalelse få den virkning at klagen tas til følge og kommunens vedtak omgjøres.

Vi kan ikkje sjå at det ligg føre skriftleg uttale frå Landbruk i saka, ei heller er det lagt ved skriftleg korrespondanse med Landbruk saman med klagen. Dersom det ligg føre skriftleg uttale/korrespondanse frå Landbruk som er tilsendt dere, bes det om å få tilsendt dette innan 07.02.2022.

Frist for innsending av uttale/korrespondanse frå Landbruk vert sett til 07.02.2022.

Klagen kan føre til at vedtaket vert endra av administrasjonen, jf. forvaltningslova § 33.

Dersom administrasjonen opprettheldt vedtaket, vert klagen handsama av Utval for areal, plan og miljø. Møta vert halde på Region Nordhordland Helsehus (RNH), Kvasnesvegen 40, 5914 Isdalstø. Meir informasjon om politiske møte ligg på Alver kommune si heimeside, sjå [her](#).

Handsaminga i Utval for areal, plan og miljø kan føre til at vedtaket vert endra, jf. forvaltningslova § 33. Vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på. Vert administrasjonen sitt vedtak oppretthaldt av Utval for areal, plan og miljø, vert klagen sendt til Statsforvaltaren i Vestland (tidlegare Fylkesmannen i Vestland) for endeleg avgjerd.

Aktuelt regelverk

- Frist for handsaming av klage går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1 første ledd bokstav c.
- Frist for handsaming av klage viss det er gitt utsatt iverksetting går fram av SAK § 7-1 første ledd bokstav f.
- Kommunen kan endre vedtaket på bakgrunn av klaga, jf. forvaltningslova (fvl) § 33.
- Utsett iverksetting av tiltak har grunnlag i fvl § 42.
- Krav om utsatt iverksetting skal vurderast med bakgrunn i Ombodsmannen si årsmelding av 1985 på s. 154.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Tone Furustøl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage - avslag på dispensasjon - gbnr 125/11 Kjeilen
Klage
Vedlegg til klage

Kopi til:

Arkoconsult AS
Bjørn Håkon Uthaug

Postboks 103
Sælenveien 68 E

5291
5143

VALESTRANDSFOSSEN
FYLLINGSDALEN

Mottakarar:

Arkoconsult AS

Postboks 103

5291

VALESTRANDSFOSSE
N